

Tilskott til jord- og skogbruk, Bykle kommune.

Vedteke i kommunestyret den 27.04.2011. Revidert i kommunestyret 22.10.2020.

Mål:

Bykle kommune har som mål å stø opp om dei brukarane som vil utvikle garden til ein deltid- eller fulltids arbeidsplass.

Vilkår

*For alle tilskott gjeld at det må søkjast på førehand med godkjent kostnadsoverslag. Kostnadsoverslag skal vere utarbeidd av byggtkniske eller landbrukstekniske fagfolk.

*Drift av garden er alltid grunneigars ansvar, jfr.driveplikta i Jordlova.

*Eigar må drive vanleg jordbruksproduksjon (slik at det kan søkjast om produksjonstilskott) innan 2 år etter løyvd tilskott, etter punkt 1.1-1.8.

*Tilskottsreglane skal i hovudsak brukast på dei bruka der buplikta vert oppretthalde, som disponerer over 25 dekar dyrka mark eller over 500 dekar produktiv skog, og eigaren er skattepliktig til Bykle. Leigeavtalar må vere skriftlege og gjelde for minst 5 år. Selskap må vere registrert i Bykle. Dersom tiltaket ikkje fell inn under reglane, kan det søkjast dispensasjon som vert handsama av formannskapet.

Kurante saker vert delegert til kommunedirektør for avgjerd.

Tilskott til tilleggsnæringar, kvotekjøp, kompetanseheving o.l (lista er ikkje uttømme) kjem opp i formannskapet som eigne saker. Ein må halde seg innafor ramma i budsjettet.

1.Jordbruk

1.1 Driftsbygning

Tilskott til husdyrrom, lagerrom for avling og reidskap, veksthus.

Ombygging vert likestilt med nybygg.

Tekniske tiltak kjem i tillegg.

Det kan gjevast tilskott med inntil 25 % av kostnadsoverslaget avgrensa til 1.100.000,-kr per bruk/eigar.(sak i formannskapet 16.06.15 der øvre grense vart heva frå 600.000) Det vert ikkje gjeve stønad for dei første 60.000,-. Tilskott skal ikkje gjevast til vedlikehald.

Til fellestiltak kan det gjevast eit samla tilskott som er like stort som om søkjarane søkte kvar for seg.

1.2 Silo, høytørke og vatningsutstyr.

Tilskott til silo og høytørke kan gjevast med inntil 50 % av kostnadsoverslaget, avgrensa til 120.000.-kr per bruk.

Tilskott til vatningsanlegg/vatningsutstyr kan gjevast etter særskild vurdering.

1.3 Fulldyrking og nydyrking

Det vert gjeve 9500,- kr per dekar til fulldyrking og nydyrking eks.grøfting.

1.4.Fornyng av eng.

Til fornyng av eng, minimum 5 år gamal eng, kan det gjevast 1450,- kr per dekar. Dette føreset at jorda vert kalka.

1.5 Grøfting av tidlegare dyrka jord og ved nydyrking

Det skal først søkjast om statlege midlar.

Det kan gjevast tilskott med inntil 50 % totalt av kostnadsoverslaget der statlege og kommunale midlar er samordna.

1.6.Brannvarslingsanlegg

Der det er krav til brannvarslingsanlegg i driftsbygningar for husdyrhald, kan det gjevast inntil 50 % av kostnadsoverslaget.

1.7. Tekniske miljøtiltak

Til tiltak som reduserer forureining kan gjevast tilskott inntil 50 % av kostnadsoverslaget.

1.8. Teknisk utstyr til kulturlandskapspleie

Tilskott til slikt utstyr kan gjevast etter særskild vurdering. Fellestilltak vert prioritert.

2. Reiseutgifter

2.1. Reiseutgifter til dyrlege

Kommunen betaler alle reiseutgifter for dyrlegen mellom 10 og 40 km tur/retur. Dette gjeld storfe, geit, sau, gris og hest.

2.2 Reiseutgifter til avløysar.

Slike søknader vert avgjort av formannskapet etter særskild søknad og samordna med statleg tilskott.

3. Kommunale kulturlandskapsmidlar

Her fylgjer ein reglar for SMIL-saker (statleg tilskott som vert forvalta av kommunen). Statlege midlar vert tildelt først.

Som hovudregel gir ein 50% tilskott til dei bruka som er i drift og søker produksjonstilskott, og 40 % til dei som ikkje søker produksjonstilskott.

Kommunen betaler for restaureringsrapportar inntil 6000,- kr.

Gjeld tilskottet rydding av kulturlandskap, kan ikkje tilskott til biobrensel gjevast i tillegg.

Til våningshus på gardar som skal brukast til fast busetting må restaurering gjerast i samråd med bygningsvernsenteret eller andre med restaureringskompetanse. Det kan gjevast tilskott inntil 15 % av kostnadsoverslaget til restaurering av laftet, grunnmur av naturstein, torvtak på gamal del og kopla vindauge i gamal del. Det vert sett som vilkår at buplikta må oppfyllast i minst 5 år elles vert det kravd tilbakebetala (pro rata).

Det kan ikkje gjevast tilskott både etter dette regelverket og tilskott etter vedtak i kommunestyre den 28.04.2016.

(ordlyden i dette tillegget til «Tilskottsreglar for bustadbygging» punkt 1 a:

Og til totalrenovering av gamle bustadhus ved eigarskifte der kostnadsramma er over 1.500.000kr, i 2020 er tilskottet 118.600)

4.Skogbruk

4.1 Skogkultur

Etter godkjent kostnadsoverslag kan det gjevast 30 % tilskott til markberøing, planting, suppleringsplanting, avstandsregulering og lauvrydding.

4.2 Avverking

Til tynning kan det gjevast 120 kr per dekar etter dokumenterte kostnader.

4.3 Skogsbilvegar

Til skogsbilvegar og traktorvegar kan det gjevast tilskott med inntil 20 % av kostnadsoverslaget for vegar bygd i samsvar med § 5 i FOR-2004-02-04-447 Forskrift om miljøtiltak mv. i skogbruket.Forskrift om tilskudd til nærings-og miljøtiltak i skogbruket.(2004-02-04).

4.4 Biobrensel

Virke levert til ekstern kjøpar av biobrensel kan få tilskott ved framlagt leveransekontrakt etter følgjande retningslinjer:

Kulturlandskapspleie og vegkantrydding:475 kr per dekar, heiltre

Rundvirke: 60 kr/fm³

Driftskostnad der ein må ta spesielle omsyn til friluftsliv og kulturminne, vert avgjort av næringsutvalet etter særskild søknad.

4.5 Driftsplanar i skogbruket

Kommunen kan yte tilskott til driftsplanar med 10 %.

5. Utbetalingsreglar.

*Kommunalt tilskott kjem i tillegg til andre tilskott, så sant det ikkje er pålegg om samordning.

*Arbeidsfrist for tiltaka er 2 år frå dato om tilsagn om stønad. Utsett arbeidsfrist kan innvilgast ein gong i 2 år.

*Alle tilskott vert utbetalt etter dokumenterte kostnader.

*Det kan føretakast utbetaling inntil 75 % i samsvar med framlagde rekningar før sluttutbetaling.

*Sluttrekneskap må levarast inn når prosjektet er ferdig, og dette kan kommunerevisor få innsyn i.

*Eige arbeid kan godskrivas med desse satsane: Eige manuelt arbeid 240 kr/t, med motorsag o.l. 300 kr/t, traktor med førar og redskap 535 kr/t og eige gravemaskin under 10 tonn med førar 595 kr/t.

6. Generelle vilkår

*Alle satsane vert justert kvart 5. år etter konsumprisindeksen.

Justert sist 2020.

*Jorda må drivast (søkast om produksjonstilskott) i minst 10 år etter det er gjeve tilskott til dyrking eller grøfting elles må tilskott tilbakebetalast pro rata.

Tilskott til gjerding – regelverk og retningsliner

Vedteke i kommunestyret 20.06.2013

Retningslinjer for tilskott til gjerding:

- Det må gjelde etablering av nytt gjerde på eigen grunn, og evt. leigejord.
- Gjerdet må ikkje vere til ulempe for viltlevande dyr (eks. villrein og villreintrekk).
- Ein må halde gjerde og drive inngjerda område med beiting og/eller vedlikehald i minst 5 år frå tilskottet vert utbetala. Gjerdet kan ikkje vidareselest i denne perioden.
- Det kan gjevast tilskott på inntil 30 % av dei dokumenterte kostnadane.
- Utbetaling av tilskott skjer når gjerdet er satt opp og synfara og kontrollert av kommunen.
- Søkjarar som får årleg produksjonstilskott og driv garden vert prioritera.

Retningslinjer for tilskott til gjerding vert implementera i det kommunale tilskottsreglementet.

Rådmannen foreslår at tilskott til gjerding først og fremst behandlast som ein del av SMIL-ordninga, men om midlane ikkje strekk til vert det brukt kommunale midlar. I tvilstilfelle skal søknad avgjerast politisk.

Tilskottsordninga gjeld for kostnadar av både gjerdemateriell og eige arbeid.